

Trequ hjelp til nedrigging og rydding.

04.08.2013



Nedrigginga av scenen er godt i gang.

**Festivalen er over for i år. Ei flott oppleving!! For ein del gjenstår likevel mykje arbeid. På Dønhaug er det stor aktivitet. Det er nedrigging og rydding som står på programmet. Då eg var oppom Dønhaug var vel om lag 20 personar i full sving! Dei blir veldig glad for meir hjelp!!**



[Mange meter gjerde må ned.](#)

Derfor er oppfordringa til alle: ta på regnkle, stiiil opp og hjelp til. Dei som er i arbeid i regnet no, er eldsjeler og ivrige dugnadsfolk. Den beste inspirasjon folk kan gje dei til å stå på vidare, er å stilla mannssterkt opp og hjelpe til.



[Her er det muligheter for alle aldersgrupper å hjelpe til.](#)

Som takk kan Festidalen-leiinga frista med mat, brus og ikkje minst lass og tonnevis med god karma. Og som kjent; - di fleire som stiller, di fortare, - og betre!

Av: Thor Inge Døssland.